

**Notat**Dato: 26.09.2018  
Arkivsak: 2018/13878-4  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Nina Gjester Hoel

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

**Ber om innspel - Høyring - utsatt frist - Planprogram kommunedelplan regionsenter Husnes - Kvinnherad kommune**

Det er eit viktig arbeid kommunen har sett i gang for å utvikle Husnes som regionsenter. I planprogrammet er det mellom anna lagt vekt på korleis miljøvennlege reisealternativ kan ta ein større del av reisene i sentrumsområdet. Eit slikt fokus er viktig for å etablere eit regionsenter med meir urbane kvalitetar og i det vidare arbeidet må kommunen følgje opp med løysingar som er utforma på dei mjuke trafikantar sine premisser. Fordelen med ein områdeplan at dei trafikale løysingane vert sett i ein samanheng og vurdert heilskapleg.

I planprogrammet kjem det fram at Husnes i dag er prega av mykje bilkøyning, og det er skissert opp ei rekke aktuelle problemstillingar på s 11. Mellom anna stilles det spørsmål til korleis ein kan få fleire til gå, sykle eller nytte kollektiv. Det er viktige problemstillingar som vert trekt fram, men samferdselsavdelinga saknar og eit større fokus på kva verkemiddel kommunen kan nytte for å redusere bilbruk, og då må det vurderast tiltak som gjer bilen mindre attraktiv og andre transportformer meir attraktive.

Bruk av bil til regionsenteret Husnes heng saman med kva parkeringspolitikk som er gjeldande. Skal kommunen lukkast med å få fleire til å nytte andre reisealternativ enn bil bør det og vurderast bilrestriktive tiltak. God parkeringsdekning som er gratis vil gi bilen eit konkurransefortrinn som gjer det enkelt å velje bil sjølv på korte strekningar. Samferdselsavdelinga vil difor oppmode kommunen om å ha eit særleg fokus på kva parkeringspolitikk som skal gjelde i sentrumsområdet på Husnes. Erfaringar frå andre byer og tettstader har vist at både parkeringsavgift og innføring av korttidsparkeringsplasser bidreg til auka sirkulasjon av besøkande som kjem i bil og betre utnytting av dei mest konkurranseutsette plassane.

Vidare må det etablerast attraktive og samanhengande ruter for mjuke trafikantar inn til sentrumsområdet, og dei må kunne sette frå seg sykkelen på en trygg stad. Det er positivt at kommunen set i gang moglegheitsstudie gang- og sykkelveg i og rundt Husnes sentrum, samt moglegheitsstudie for trafikknutepunkt. Etablering av miljøgate vil bidra til å redusere fart og sikre tilhøva for dei som går og sykler. Statens vegvesen anbefaler ein fartsgrense på 30 eller 40 km/t i miljøgater. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til å etablere ei miljøgate gjennom sentrum, men vi vil presisere at omsynet til kollektivtransport må vere ivareteke og ikkje medføre redusert framkome for bussar og auka reisetid for passasjerane. Når det gjeld utforming av ny kollektivterminal og andre infrastrukturtiltak for kollektiv må dette skje i dialog med Skyss/HFK.

